

# Låt o' Link

Medlemsblad for Valdres Folkemusikklag

Nummer 2

september 2001

Årgang 11



*Jørn Hilme 2001: Guro Ådnegard Skarstad og Hallgrim Hansegård dansar springar i Skattebustogo. Foto Frode Rolandsgard*

## Innhold

Landskappleiken på Beitostølen? .....	2	dansarar .....	8
Leiaren si spalte .....	2	Betaling for Låt O' Link .....	9
Jørn Hilme-stemnet 2001 .....	4	Helsing frå sekretæren i VFL .....	10
Dansekveldar i Vårflaumen .....	7	Aktivitetar i Vestre Slidre folkemusikk og danselag i haust .....	11
FEST I ULNES! .....	7	Søknadsfristar .....	11
KURS I TANGO! .....	7	for midlar til folkemusikktiltak .....	11
HALLINGDANS OG GODKARSTYKKE .....	7	Ny deltakarrekord og ny dagleg leiari for	
HARDINGFELE FOR NYBYRJARAR/LITT ØVDE ...	8	Strunkeveko .....	12
Det som skjer i Øystre Slidre: .....	8	Kurs i Begnaljom .....	14
KURS: .....	8		
Valdreskvelven satsar på unge halling-			

# LANDSKAPPLEIKEN PÅ BEITOSTØLEN?

*Øystre Slidre spel- og dansarlag har inngått ei sponsoravtale med Destinasjon Beitostølen. Dette inneber at dei skal få 50.000 kroner årleg framover. Som motyting skal laget mellom anna stå for gratis framsyningar på turistbedriftene på Beitostølen.*

Dei skal også ta på seg eit større arrangement. Difor søker dei om å få arrangere Landskappleiken på Beitostølen i 2004. Det er leiaren i laget, Erik Onstad, som fortel dette til Låt o' link.

Dette vart også teke opp på siste styremøte i Valdres Folkemusikklag. Tidlegare har det vore Folkemusikklaget som har stått for slike søknader, så dette blir noko heilt nytt i så måte.

Laget i Øystre Slidre er stort, men for å arrangere Landskappleiken, trengst det likevel ekstra mannskap. Dette tenkjer dei å få til ved at Destinasjon Beitostølen står for innkvartering, billettbestillingar og salg av mat. I kva slags lokale kappleiken skal gå føre seg vart ikkje omtala då vi hadde kontakt med leiaren.

*Nils Leine*

## LEIAREN SI SPALTE

Så var hausten her att, og det er på'n igjen med medlemsblad, lagsaktivitet og trivelege syslar for spel- og dansegilde. Det er stor aktivitet rundt omkring med Songseminar, konsertar og kursverksemd. Og oppmodinga må vere: Møt fram og delta!

I sumar fekk Valdres Folkemusikklag brev frå Øystre Slidre spel- og dansarlag der det gjekk fram at dei ville søkje om å få arrangere Landskappleik i 2004/2006. Dette innevarsla ein ny praksis for skipinga av slike storstemne, då desse tidlegare har vore fellesprosjekt for heile folkemusikk-Valdres med Valdres Folkemusikklag/Folkemusikknemnda for Valdres som formell arrangør. Heile miljøet i dalen har velvillig stilt opp med dugnadsinnsats, og takka vera denne praksisen har Vfl hatt nokolunde økonomi til å drive eit felles arbeid innan Valdres til beste (forhåpentlegvis) for interessefeltet vårt.

Likevel er det klart at mange nok kan synast å ha lagt ned svært mange gratistimar utan å få så mykje att - i alle fall gjeld det lokallagskassene. Men i

og med at **alle lag er med og styrer aktiviteten og økonomien i Valdres Folkemusikklag**, har det vore mogeleg å få noko attende gjennom tilskot til ulike lokale prosjekt og aktivitetar. Dessutan har Vfl teke seg av saker som truleg ikkje ville ha blitt utført elles. Her kan nemnast folkemusikkarkivet, oppretting og drift av distriktsmusikkordninga samt ulike seminar og tilstellingar. Laget er dessutan arrangør av Strunkeveko og Jørn Hilme-stemnet, og har stort sett heile tida hatt ein tilsett i ei mindre stilling. Dette bladet er også ei av oppgåvene som forhåpentlegvis er med på å binde folkemusikk-Valdres tettare saman.

Det er sjølv sagt no på tide at Valdres søker om å få eit storstemne hit att. Øystre Slidre kom oss i styret i forkjøpet med sin søknad, og med dei som arrangør vil kappleiken bli lagt til Beitostølen - der det no etter kvart er veleigna lokalitetar for ein Landskappleik. Me ynskjer lykke til med søknaden.

Til slutt litt om sumarens dagnadsinnsats. Det er jo faktisk slik at me ikkje treng å arrangera Landskappleik/Landsfestival for å sysselsetja folkemusikk-interesserte valdrisar. Jørn Hilme-stemnet krev etter kvart ein stor stab, og heller ikkje Strunkeveko går av seg sjølv. Takka vera ein stor innsats frå hovudleiarar, nemndleiarar, dei mange «frivillig utkommanderte» og ikkje minst vår daglege leiar, vart det på ny stor suksess med årets arrangement. Tusen takk skal de alle ha!

På grunn av den solide og seriøse jobbinga med Hilme-stemnet gjennom fleire år, kom me i år endeleg inn på festivalstøtteordninga. Dette gav seg også utslag i auka sponsorstøtte, ikkje minst frå dei fire hovudstøttespelarane; Fagernes Handelsstand, Valdres Sparebank-gruppe, avisa «Valdres» og Valdres Folkemuseum. Me håpar arrangementa våre gjev desse fire samt alle andre gode støttespelarar noko attende, og at samarbeidet blir like godt i åra som kjem.

*God folkemusikkhaust frå*

*Nils*

# JØRN HILME-STEMNET 2001

Jørn Hilme-stemnet 2001 er avslutta. Omlag 40 arrangement (konsertar, kurs, teater, kappleik, godkartevling m.m.) er i hamn. I det første året med festivalstøtte har me opplevd ein stor auke i talet på besøkande, hovudsakleg fordi talet på arrangement har auka. Talet på besøkande vart i år såleis ca. 5700.

## Konsertane.

I samarbeid med Strunkeveko arrangerer me om lag 18 konsertar i løpet av ei veke. Dei fleste konsertane er små og lite ressurskrevjande, og gjev samstundes publikum høve til å koma tett på utøvarane. Dette meiner me er viktig, sidan musikkopplevinga ofte blir styrka av det personlege møtet.

Den store utfordringa for oss er dei store konsertane, og då særleg fredagskonserten. Her må me skape noko i stort format.

I år løyste Ellen Persvold og Marit Mattisgarden denne oppgåve på ein fantastisk måte. Konserten "Dans!" er etter vår meining noko av det beste som har blitt laga for norske folkemusikkscener dei siste åra. Kombinasjonen av arkivopptak på storskjerm, dansarar frå heile landet og interessante "teipa" refleksjonar av Knut Steinsrud og Ola og Sigrid Olga Hjelle gjorde at opplevinga av dansen vart heva mange hakk. Det blir ei stor utfordring for stemnet å presentere noko like bra i åra framover.



*Jørn Hilme 2001: Martin Myhr, Unni Boksasp og Torgeir Leivdal i barneteaterstykket "Hopp Helling". Her frå Kviestunet på Valdres Folkemuseum. Foto: Frode Rolandsgard*

## **Økonomi og organisering**

I januar byrja Solveig Hårdnes som dagleg leiar i ei 35 %-stilling. Me hadde sær sars god nytte av henne i planlegginga og gjennomføringa av stemnet. På sikt får ho mykje av ansvaret for budsjett og søknader, sponsorar, rekneskap og rapportar, kontraktsskriving, lønnsutbetalingar m.m. Dette lettar innsatsen til dei frivillige, og gjer at me kan bruke kreftene på dei kreative sidene av stemnet. For andre gong var Karen Marie Kvåle leiar for hovudnemnda, med seg hadde ho Knut Aastad Bråten (konsert), Anne Marie Aastad Bråten (tevling), Per Odd Moe (vakt), Anne Berit Strømmen Strand (Mat), Kristin Gulbrandsen og Ole Aastad Bråten (teknisk), Bjørn Strand (Premie), Inger Marit Viken (Økonomi), Signe Kvåle (kurs) og Frode Rolandsgard (PR)

Det er framleis for tidleg å seie korleis det gjekk økonomisk, men dei fleste nemndene har halde budsjetta sine, og me har stort sett oppnådd dei budsjetterte inntektene. Dette tyder at me truleg får eit overskot som er stort nok til at 30 000 kan gå til VFL som nest siste bidrag til nytt dansegolv på museet, og at 25 000 kan gå til VFL som dugnadskompensasjon. Blir det noko att utover dette blir det truleg brukt til å investere i stemnet. Omsetninga er no nær 500 000,-

## **Sponsorar og offentleg stønad**

Sær sars gledeleg var det att dei private sponsorane stilte opp for stemnet i år. Sponsorinntektene kom opp i ca. 80 000,- Hovudsponsorane er Valdres sparebankgruppe, Avisa Valdres, Valdres Folkemuseum og Fagernes Handelsstand. Sær lokale støttespelarar altså. Ved sida av at sponsorane sikrar oss gode inntekter, er arbeidet ovanfor dei med på å profesjonalisere oss som arrangørar. Høge sponsorinntekter er også eit viktig signal i høve fylket og festivalstøtteordninga, det er nemleg positivt at dei ser at me arbeider seriøst med økonomien til stemnet.

Offentleg stønad fekk me frå Norsk Kulturråd (festivalstøtteordninga): 100 000,-, Oppland fylke: 20 000,- og valdreskommunane: ca. 20 000,-. Dei to siste instansane er me ikkje nøgde med, og me skal arbeide for å få auka tilskota frå kommunane og fylket.

## Publikumsoppmøte

Å telje publikum er ikkje enkelt, men med fleire arrangement aukar også talet på besøkande. 5700 er såleis ein klar rekord som *nok vil imponere løyvande myndigheiter*. Trass i dette kan me ikkje seie oss heilt nøgde med laurdagskvelden på museet. Om lag 1000 innanfor portane laurdag kveld er om lag det same som i fjor. Etter aggressiv marknadsføring hadde me ønskt



*Suppebollen står i sentrum under «Turing i Vang». Her er selskapet kome til ei velfortent matpause. Foto: Nils Leine*

oss fleire. Det kom færre bygdefolk, men fleire tilreisande på festivalen. 100-årsjubileet til museet kan ha gjort til at folk frå Valdres kanskje hadde vore på museet fleire gonger allereie. Me har gjennomført ei evaluering av festivalen, og me har fått fleire framlegg for å trekke fleire folk. Løpesetlar direkte til husstandane i Valdres, meir høgdepunktfokusert pr-materiell, og teaterførestilling på stølsområdet på museet er nokon av forslaga for å få fleire på stemnet.

Som vanleg har det vore mykje ungdom til stades på Hilme-stemnet, dette kjem nok av at Strunkeveko blir arrangert i starten av festivalveka.

## Vidare framover

Søknaden om festivalstøtte i 2002 er alt sendt, og eit program er meisla grovt ut. Styret i VFL skal i løpet av hausten truleg sjå nærmare på organiseringa av stemnet. Fleire løysingar er aktuelle, men det heitaste tipset er kanskje at hilmestemnet får eit eige styre, oppnemnd av styret i VFL.

Har du lyst til å vera med å utvikle stemnet vidare er du hjarteleg velkomen. For Hilmestemnet 2001: *Frode Rolandsgard*

Meir info: [www.hilme.com](http://www.hilme.com)

## DANSEKVELDAR I VÅRFLAUMEN

blir i haust

fredag 28. september

fredag 26. oktober

fredag 30. november

alle gongene kl. 1900.

Vi har no flytt til Valdres Folkehøgskule, Leira. (Tømmerbygningen – fyste på høgre sida når du kjem opp)

Dans – kaffe – utlodning.

Godt utval i fyrrige ungarar!

Vel møtt!

## FEST I ULNES!

FREDAG 16. NOVEMBER KL. 19.30 BLIR DET STOR KONSERT OG FEST PÅ ULNES SKULE OG GRENDAHUS!

MUSIKALSK MØTE MELLOM GUDBRANDSDALEN OG VALDRES: Jon Faukstad (trekkspel) og Per

Sæmund Bjørkum (fele) presenterar døla-læte, mens Valdres Folkemusikkgruppe står for den lokale

tradisjonen

Etter konserten blir det gamaldans med Faukstad/Bjørkum og Tom Kjetil Tørstad & Co.

Utan tvil haustens musikalske høgdepunkt i Valdres!

Arr: Vårflaumen

## KURS I TANGO!

18 – 20. januar skipar Vårflaumen til helgekurs i TANGO! Vi har sikra oss Norges mest kjende tangoinstruktørar Ramon Gimenez og Nili Deloya

Kurset tek til fredag kveld og blir avslutta sundag ettermiddag. Sosialt samver laurdagskvelden med mat, lysbilete frå Argentina, innføring i tangoens historie og kultur og – sjølv sagt – dans.

Pris ca. kr 600 pr. pers. inkl. laurdagskvelden.

Kurset kan bli fort fullteikna, så det vil vere lurt og melde seg på alt no!

Påmelding tlf. 61363700

## HALLINGDANS OG GODKARSTYKKE

Instruktør Gustav Berger. Kurset startar 9. oktober og går kvar tysdag fram til jul kl. 1900 - 2000.

Staden blir anten Skrautvål eller Rogne, avhengig av kven som melder seg på.

Medlemmer kr. 100, andre kr. 150.

Påmelding tlf 61 36 38 01 / 61 36 37 00

# HARDINGFELE FOR NYBYRJARAR/LITT ØVDE

Instruktør: Magne Olav Selland. Kurset blir halde i Spelemannsstogo på Bygdatunet og tek til torsdag 11.

oktober kl .

19.00. Medlemmer kr. 100, andre kr. 150.

Påmelding tlf. 61 36 37 00.

Kursa er eit samarbeid mellom Øystre Slidre og Vårflaumen.

## DET SOM SKJER I ØYSTRE SLIDRE:

Fredag 21.september: Fredagsdans, Spelemannsstogo

Fredag 5.oktober: Fredagsdans, Spelemannsstogo

Laurdag 20.oktober: Yngretreff på ØSBUS kl. 10.00 - 18.00, Konsert med Brøtagutadn(Knut og Ole) og Hått(Per Anders Buen Garnås, Nils Øyvind Bergset og Anders Røine på Herangtunet(Låvin)kl. 19.30.

Fredag 2.november: Fredagsdans

Fredag 16.november: Fredagsdans

## KURS:

Hardingfele for vaksne. Ved Magne Olav Selland

Dam dam dele, Songkurs for barn frå 5 år og oppover . Ved Eli Marit Fuglesteg

Springarkurs

Hallingkurs for ungar ved Gustav Berger (i samarbeid med Vårflaumen)

Hallingkurs for ungar i Midtre Hegge ved Solvieg Hårdnes

Kursa startar opp etter haustferien.

Spørsmål kan rettast til Marit Mattisgard.

Helsing Marit!

---

## VALDRESKVELVEN SATSAR PÅ UNGE

### HALLINGDANSARAR

Valdreskvelven vil nok ein sesong satse på å fram gode dansarar. Nils Rogn og Andris Kvam held fram med dansekveldar på Åsvang. Dei vil også prøve å få med seg fleire instruktørar som kan ta seg av springar og andre dansar. Det skulle då bli eit tilbod til fleire. Øvingane tek til veka etter haustferien. For meir informasjon kontakt med:

Nils Rogn, telefon 613 68000

Andris Kvam, telefon 613 67137



# BETALING FOR LÅT O' LINK

LÅT O LINK har dei siste par åra vore eit gratis-tilbod til alle medlemmer. Men sidan portokostnader o.a. no tek til å bli så store, hadde me eigentleg tenkt å sende ein innbetalingsgiro med dette nummeret for å prøve og få inn ein femtilapp frå kvar «abonnett». På grunn av nettopp portokostnadene (m/blankett ville me gått opp ei portoklasse), valde me heller å oppmode alle som ynskjer det (og hugsar det - gjer det med ein gong!) om å betale inn nokre kroner til kontoen vår: 2135.30.18652.

*Som nemnt i førre nummeret vil det gjennom lagskontingenten frå neste år bli kravd inn 20 kroner frå alle vaksne medlemmer og 5 kroner frå born for å dekke noko av kostnadene med bladet.*

## SONGVERKSTAD

2001

TRADISJONSSONG/VOKAL FOLKEMUSIKK

**6.-7. oktober på Valdres Folkemuseum**

Praktisk opplæring, teoretiske diskusjonar, konsert og kvedarpub

### Instruktørar:

Kari Hagaseth, Ingvar Hegge og Unni Løvlid

### Innleiar:

Unni Løvlid:

«Barn før og no. Er barn det same som for 50 år sidan?»

Påmelding innan 1. oktober til  
Valdres folkemusikkarkiv: tlf. 61 35 99 00

## KVEDARPØBB!

STEINFJØSET, Skrautvål

laurdag 6. okt. kl. 19.30.

Konsert med Unni Løvlid m.fl.

Kåring av beste nyskrivne stev i samband med stevtevinga.

Jan Beitohaugen Granli m.fl.  
spelar til dans

## HELING FRÅ SEKRETÆREN I VFL

### GØTTFØLK!

Arbeidet går sin gang her nede på museet. Etter ein hektisk sommar er det på tide å gjera seg ferdig med årets arrangement, då tenkjer eg særleg på Strunkeveko og Jørn Hilme-stemnet, og leggje løpet for neste år. Det er spennande å arbeide med dykk, og eg er imponert over arbeidet som blir lagt ned frå alle ivrige dugnadsslitarar. I fleire av lokallaga er det god aktivitet, så



eg håpar me alle i folkemusikklaget er med å dra lasset for å oppretthalde og gje vidare vekst til folkemusikkmiljøet i Valdres.

Arbeidet med læreplana vart teke opp att i vår, me sendte ut eit spørjeskjema til alle lokallaga, men har berre fått svar frå to lag. Det er fint om de andre og sender inn svara slik at me kan koma vidare i arbeidet, - og at eg får tilsendt referat frå styremøta i lokallaga.

Elles byrjar det å minke på Landsfestival - T-skjorter. Fem esker blir sendt til Estland, ei eske har blitt arbeidsklede og elleve esker står at på kontoret, kva gjer eg med dei? Værsgåo'.

Eg oppmoder alle som mottek Låt o link om å **betale kontingenten, kr.50,-** til Valdres Folkemusikklag, kontonr: 2135.30.18652.

TAKK!

Lukke til med eit godt arbeide i vintermånadene.

Venleg helsing Solveig

## **Sekretariatet til VFL**

**Dagleg leiar:** Solveig Hårdnes, Tyinvn. 27, 2900 Fagernes  
Tlf: 61 36 46 71/ 61 35 99 01 (faks)  
E-post: [vfl@sensewave.com](mailto:vfl@sensewave.com)

**Solveig har kontor i hus med Felemakarane på Valdres Folkemuseum.**

**Ho har kontortid: Måndag og torsdag kl.10.00 – 15.00**

## **SØKNADSRISTAR**

### **FOR MIDLAR TIL FOLKEMUSIKKTILTAK**

15.oktober: Vaksenopplæringsmidlar, Norsk musikkråd, [www.musikk.no](http://www.musikk.no)

15.oktober: Statens kunstnarstipend, Norsk kulturråd, [www.kulturrad.no](http://www.kulturrad.no)

15.november: Musikkverkstadordninga, Norsk musikkråd, [www.musikk.no](http://www.musikk.no)

1.desember: Støtte til formidling av folkemusikk og folkedans, Rådet for folkemusikk og folkedans, [www.hf.ntnu.no/Rff/stoette.html](http://www.hf.ntnu.no/Rff/stoette.html)

1.desember: Tiltaksmidlar og arbeidsstipend, Rådet for folkemusikk og folkedans, [www.hf.ntnu.no/Rff/stoette.html](http://www.hf.ntnu.no/Rff/stoette.html)

1.desember: Støtte til bestillingsverk, Norsk kulturråd, [www.kulturrad.no](http://www.kulturrad.no)

1.desember: Støtte til lokale musikktiltak, Norsk kulturråd, [www.kulturrad.no](http://www.kulturrad.no)

## **AKTIVITETAR I VESTRE SLIDRE FOLKEMUSIKK OG DANSELAG I HAUST**

12/10, 26/10, 9/11

Springarøving/-kurs for nybyrjarar og vidarekomne på Røn nye og gamle skule  
kl. 19.00

Gratis.

Fredag den 23/11 kl.20.00

Rakfiskkveld på Røn gamle skule med springar og gamaldans.

Alle velkomne

# NY DELTAKARREKORD OG NY DAGLEG LEIAR FOR STRUNKEVEKO

**– I fjor vart det sagt at øvre grense for deltakarar på Strunkeveko truleg låg rundt 85–90 elevar. I år hadde me brått 97 påmelde. Me var litt spente då elevane begynte å koma sundag ettermiddag...**

*Dette fortel Solveig Hårdnes, som vart ny dagleg leiar for Strunkeveko frå 1. januar i år. Strunkeveko – sommarkurs i folkemusikk for barn og unge – vart halden på Valdres Folkehøgskule på Leira for fjerde gong.*

*– Det fyrste året var deltakartalet 68, og sidan har det krope oppover jamt og trutt. Men over 100 bør det ikkje gå, seier Solveig no, etter at Strunkeveko 2001 vel er avvikla.*

*Av dei 97 deltakarane var ca. 40 % frå Valdres, medan resten kom frå heile austlandsområdet.*

## **Ny dagleg leiar**

*I år var det tre jenter som stod i spissen for Strunkeveko: Solveig Hårdnes, Ellen Persvold og Aud Søyland. Ellen og Aud har vore med frå starten, medan Solveig var ny i leiinga for Strunkeveko. Til gjengjeld har ho som dagleg leiar fått sett seg godt inn i sakene. Dessutan har ho tidlegare vore både lærar og elev på Strunkeveko – lærar i fele, og elev i meisterklassa.*

*– Det vart ganske tøft å få sett seg inn i alt på såpass kort tid, når eg i tillegg skulle orientere meg i alt som har*

*Hardingfelespel - no også med egne duskedamer Foto: Frode*

*med Jørn Hilme-stemnet og Valdres Folkemusikklag å gjera, seier Solveig. – Men neste år blir det mykje lettare!*

## **Fint fellesskap**

*– Dei fleste unge som spelar folkemusikk, har nok eit tilbod gjennom musikkskulen på heimstaden, men mange hentar ny inspirasjon og nye impulsar på Strunkeveko. Veka inneheld ein god kombinasjon av undervisning og sosiale aktivitetar, seier Solveig. – Mange av deltakarane er nokså åleine om denne ”sære” interessa på heimstaden. Her møter dei hundre andre som driv med folkemusikk, og denne veka er det folkemusikk 26 timer i døgnet.*

*Strunkeeelevane spelte ikkje berre på dagtid, men vel så gjerne på nattetid, med*

opne vindaugne mot vandrarheimen og resten av Leira. Ei stakkars nattevakt kan kjenne seg som reine gledesdrepene når ho går inn og hysjar på ein gjeng som er i fullt samspel inne på Midttun klokka eitt om natta.

## Sjokoladekapleik og bestillingsverk

Nytt av året var sjokoladekapleiken tysdag kveld. Alle som ville, kunne delta, og premiane var sjokolade, sjølvsagt – saman med godord og muntre kommentarar frå dommarpanelet. Svært mange av elevane våga seg frampå, åleine eller i grupper.

– Det er òg ein del av det dei skal øve seg i på Strunkeveko, seier Solveig, – dei skal lære seg å stå fram og framføre noko for andre.

Det fekk dei også høve til fredagen, under elevkonserten Strunkis 2001. Alle elevane var på scena då, og viste eit flott program for ein sal fullsett med foreldre, politikarar og andre interesserte.



Aud på gitar. Foto: Frode Rolandsgard

## Song, musikk og dans

Med utvida elevtal vart det også fleire lærarar på Strunkeveko i år. Atten dyktige folkemusikarar underviste frå morgon til kveld. I den gamle, ærverdige skulebygningen var det langeleiklæte og meisterklassespel på loftet. Blant komfyrar og vevstolar på Midttun høyrdest det toradarlæte, og i klasseromma i undervisningsbygningen var det hardingfelene som rådde. I peisestova og biblioteket heldt flatfelene til, og i lærarrommet var songfuglane – når dei då ikkje stod ute og song. Mest lyd laga nok hallingdansarane, når dei dansa halling til diskomusikk i gym-salen.

– Av ein eller annan grunn er det mest jenter som spelar, seier Solveig Hårdnes. – Jamvel hardingfela, som har vore eit mannsdominert instrument, har mest kvinnelege utøvarar i dei yngre klassane. Men hallingkurset vog opp dette, då alle dei 20 deltakarane i år var gutar!.....



Ola Hilmen. Foto: Frode Rolandsgard

## Meisterklasse – ikkje berre for meistarar

For langt vidarekomne på hardingfele og fele har Strunkeveko kvart år hatt eit ekstra tilbod, ei meisterklasse ("masterclass", ifølgje Norsk musikkråd).

– Det betyr ikkje at deltakarane må vera meistrar sjølve, men at læraren er godkjend til å undervise på høgskulenivå, seier Solveig. Ho fortel vidare at Strunkeveko har slite litt med å få deltakarar til meisterklassekurset – kanskje fordi namnet signaliserer at kurset stiller høgare krav enn det egentleg gjer.

– Neste år vil me marknadsføre dette kurstilbodet spesielt, fortel ho. – Det er viktig å få fram at meisterklassekurset også er for vel vaksne elevar, medan dei andre kursa fyrst og fremst er for ungdom i alderen 10 til 20 år.

Sven Nyhus, Håkon Asheim og Vidar Lande har vore lærarar for meisterklassa dei fire åra Strunkeveko har vore i gang.

## Sommarferie til vinteren

På spørsmål om ho fekk teke seg noko ferie i sommar, svarer Solveig at ho førebels ikkje har fått tid til meir enn ein og annan fridag innimellom.

– Eg hadde fri dei dagane me brukte på å ri til Landskappleiken i Rauland, seier ho. – Men eg tenkte på Strunkeveko og Hilme-stemnet det meste av tida! Eg har ikkje tid til å ta meg fri enno, for eg må gjera ferdig rekneskapen for Strunkeveko og Hilme-stemnet. Får sjå til vinteren!

*Heldigvis ser ho opp og fram, den jenta.*



*Emma Marita tek ei pause med langeleiken*

**Aud Søyland**

## KURS I BEGNALJOM

Begnaljom spel- og dansarlag arrangerer kurs for unge utøvarar laurdag 10.november på Sør-Aurdal ungdomskule frå kl.13.00-20.00.

Valdres folkemusikkgruppe er innleigde som instruktørar, og vil avslutte dagen med ein konsert saman med kursdeltakarane.

Både små og store er velkomne til konserten som startar kl.19.00.

Det vert tilbod om instruksjon i bl.a. song, dans og felespel.

Kurset er ope for alle unge i Valdres.

Dersom du lurer på noko kan du ringe Trygve Bolstad tlf.61 64 96 94.

Påmelding innan 1. november til:

Berit Mo Tlf. 61 34 61 60

Anne Haugen Kolsrud Tlf. 61 34 64 72

**- Ingen kursavgift - Det vert sal av mat og drikke -**

## Landbruksforsikring

Vi kan ordne alle forsikringar for gardsbeskarar,

- Bolighus
- Driftsbygningar
- Løsterr
- Husdyr
- Traktorar
- Ulykke

Ta kontakt med din lokale sparebank eller Torbjørn Langdegård ved vårt felles salgskontor på Fagernes



## Private forsikringar

Vi kan ordne alle forsikringar for privatkunder

- Bolighus
- Biler
- Fritidsleiligheter
- Motorsykkel / moped
- Reiseforsikring
- Verdijestandard

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgskontor på Fagernes

## Livsforikring

Vi kan dekke alle dine behov for forsikring av liv og helse

- Død
- Ustrekkeleg kapital
- Ustrekkeleg pensjon
- Operasjonsforsikring
- Kritisk sjukdom
- Barneforsikring

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgskontor på Fagernes



Etnedal Sparebank – tlf. 61121500 – [www.etnedalsparebank.no](http://www.etnedalsparebank.no)  
Vang Sparebank – tlf. 61367600 – [www.vang-spb.no](http://www.vang-spb.no)  
Vestre Slidre Sparebank – tlf. 61343600 – [www.slidrebanken.no](http://www.slidrebanken.no)  
Øystre Slidre Sparebank – tlf. 61340950 – [www.osbank.no](http://www.osbank.no)  
Salgskontor Fagernes – tlf. 61366638 – [www.sparebankgruppa.no](http://www.sparebankgruppa.no)

# B



6.-7. Oktober Songverkstad på Valdres Folkemuseum

6. Okt. Kl. 19.30.Kvedarpøbb! Steinfjøset, Skrautvål

9-10 okt. Seminar folkekunst og historiske sanningar Valdres Folkemuseum

12-14 okt. Osafestivalen

20.oktober: Yngretreff på ØSBUS kl. 10.00 - 18.00, Konsert med Brøtagutadn og Hått på Herangtunet(Låvin)kl. 19.30.

19-21 okt.Representantskapsmøte, RFF

10.november kl.13.00-20.00: Kurs for unge utøvarar på Sør-Aurdal ungdomskule.

12.nov.: Styremøte VFL

16. November kl. 19.30 Faukstad/Bjørkum - Konsert og fest på Ulnes skule og grendahus!

28.9., 26.10., 30.11. kl. 19.00: Dans i Vårflaumen på Valdres Folkehøgskule, Leira, Tømmerbygningen.

Dei fleste fredagar: Dans i Øystre Slidre, Spelemansstogo.

**Sjå elles annonser frå dei forskjellige laga!**



*Ei påminning om kva spelemenn kan brukast til. Postkort: Nils Rogn*